



Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/570-3

Hydrogen-satsing i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Vedlagde prosjektplan vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere endringar i prosjektplanen, og tilpasse budsjett for finansieringsplanen.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei midlane som er løvvde til hydrogenprosjektet, også dei 1,28 mill kr som næring og kultur sitt 2016-budsjett vart styrka med gjennom tertialrapport 1/16 (teneste 7012 bransjeretta satsingar).

Vedlegg:

Prosjektplan av 1.september 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det er venta at etterspurnaden etter hydrogen vil auke, ikkje minst fordi hydrogen vil redusere behovet for fossil energi. Hydrogen kan m.a. nyttast som drivstoff til brenselceller, som produserer elektrisitet ved å omdanne hydrogen og oksygen til vatn i ein elektrokjemisk prosess. Hydrogen kan også nyttast som drivstoff i forbrenningsmotorar. Hydrogen har følgjeleg eit stort potensiale til dømes i land- og sjøtransport. Produksjon av hydrogen kan m.a. skje i ein elektrolyseprosess der ein spaltar vatn ved hjelp av elektrisitet. Produksjon av hydrogen er også interessant å vurdere, då vi har både vatn og elektrisitet. Vinsten med hydrogensatsinga ligg i klimaverknaden. For vår del er dette også eit høve til å legge til rette for næringsverksemd og arbeidsplassar.

Fylkeskommunen set no i gang eit hydrogen-prosjekt. Dette m.a. på grunnlag av hovudutval for næring og kultur sitt vedtak frå mars 2016: «Det vert arbeidd vidare med å få realisert eit prosjekt som skal stimulere til auka bruk av hydrogen-løysingar, og til produksjon og effektiv distribusjon av hydrogen».

Vi legg no fram ein prosjektplan for dette prosjektet. Det kan vere trong for endringar i prosjektplanen undervegs, og vi ber her også om fullmakt til å endre prosjektplanen, og budsjett og finansieringsplanen. Vi ber her også om fullmakt til å disponere dei midlane som er løvvde til dette prosjektet. Desse midlane vert nytta både til tiltak og til å lønne ein prosjektleiar i halv stilling.

2. Saksopplysningar

Det er gjennomført ei kartlegging og mulighetsanalyse der vi har sett på ulike bruksområde for hydrogen, t.d. til ferjer, snøggbåtar, industri og bygg. Det vert her slege fast at infrastrukturen er lite utbygd og at heimemarknaden er liten med tanke på kommersiell utnytting av hydrogenteknologi. Lønsemd er følgjeleg avhengig av auka bruk både heime og ute, og gode løysingar på transport og distribusjon av hydrogen.

Styresmaktene har gjennom statsbudsjettet for 2016 målbore ei satsing på framtidige ferjeløysingar som medfører lite eller inkje utslepp. Med bakgrunn ovannemnde ønskjer vi å intensivere innsatsen innan hydrogen, og det vert arbeidt med ei satsing som m.a. kan inneber:

- Transportmiddel som nyttar hydrogen, der vi vil stimulere til hydrogendrivne løysingar
- Hydrogenstasjonar, der vi vil legge til rette for eit nettverk av hydrogenstasjonar
- Hydrogendrivne brenselsceller til andre føremål, m.a. til naudstraum til bygg/anlegg
- Produksjon av hydrogen, m.a. basert på «lokale råvarer» som straum og vatn

Vi ser føre oss ein styrka innsats i form av eit prosjekt som går over 2 år, og det vert er no utforma ein prosjektplan for dette. Og vi vil no tilsetje ein prosjektleiar i halv stilling. Det vert også etablert eit samarbeid med dei andre fylka på Vestlandet, og vi no er i gong med ei mulighetsstudie saman med Hordaland og Møre og Romsdal, der vi ser på hydrogen som energibærar.

Den styrka innsatsen er tenkt finansiert med midlar frå ulike kjelder. Gjennom tertialrapport 1/16 vart næring og kultur sitt 2016-budsjett styrka med 1,28 mill kr. Desse midlane som står på teneste 7012 bransjeretta satsingar vert å nytte til dette prosjektet. Vi har fått 1,925 mill kr frå Sparebankstiftinga, og vi arbeider med andre finansieringskjelder. Prosjektet med budsjett og finansieringsplan må tilpassast den endelige finansieringa.

3. Vurderingar og konsekvensar

Så langt tykkjест ei hydrogensatsing å vere interessant både i nærings- og klimasamanheng. Arbeidet med hydrogen har så langt fått god mottaking i næringslivet, og mange har forventningar til ei satsing også framover. På fagleg hald ser vi at det kan vere delte meiningar om kor store moglegheiter vi har innan hydrogen. Men det vi no gjer er å kome i gong og etter kvart få erfaringar gjennom det nemnde hydrogenprosjektet.

4. Konklusjon

Vedlagde prosjektplan vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere endringer i prosjektplanen, og tilpasse budsjett for finansieringsplanen. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere dei midlane som er løvvde til hydrogenprosjektet, også dei 1,28 mill kr som næring og kultur sitt 2016-budsjett vart styrka med gjennom tertialrapport 1/16 (teneste 7012 bransjeretta satsingar).